



Torfinn Myklebust set punktum for politikken. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Veteran nummer ein i Kvinnherad-politikken, uskedelingen Torfinn Myklebust, har teke ei endeleg avgjerd etter lang eigen vurdering og sterkt påtrykk utanfrå. Han stiller ikkje opp att ved valet til hausten og set dermed punktum etter 28 år i kommunestyret. 20 av desse åra har han også vore i formannskapet.**

Innbyggjarpartiet hadde det endelege nominasjonsmøtet sitt med godt fram møte i kveld og sette Einar Saghaug, Robert Jakobsen og Håkon Røstbø på topp. Dei gav ikkje røystetillegg til nokon. Den einaste frå Uskedalen blant dei 20 på lista er Mette Bendiksen etter at Torfinn Myklebust sa nei.

Det er mogleg lista blir supplert noko fram til fristen går ut i slutten av mars - av omsyn til geografi og alder.

Torfinn Myklebust har representert 3 parti i sine mange år i lokalpolitikken. Det er Høgre, Tverrpolitisk og Innbyggjarpartiet. Han var på veg ut også ved det siste valet, men vart overraskande innvald på Innbyggjarpartiet si liste.

Myklebust starta i kommunestyret i 1983 då han vart vald for Høgre. I 1991 var han blant dei som danna Tverrpolitisk Samlingsliste og han representerte denne til han kom tilbake til Høgre i 1999.

Av Ola Matti Mathisen